

Arkivsaksnr: 2015/520-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 20.01.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen	2/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om bruk av helikopter til transport av materialer til fritidseigendom i Verpesdalen i Norddal Kommune

Søkar

Evj Merete Ekelund

Dokument i saka

1. Søknad datert 15. jan. 2015.

Saksframlegg

Søknaden

Evj Merete Eklund er grunneigar av GNR/BNR 75/2 og søkar om løyve til å bruke helikopter for å transportere material til restaurering av fritidseigendom i Verpesdalen. Det søkas om eit tall på 5 turar på strekninga mellom Overåneset og Verpesdalen i Norddal Kommune. Material som ønskas å fraktas inn er blant anna villmarkspanel til bordkledning av eksisterande hytte og nye vindauga. Føremålet med tiltaket er å beskytte bygget mot ytterligare fuktskadar og å unngå utvikling av råte.

Naturmangfaldloven og verneforskrift

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandsskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ombygging av fritidseigendom: Det er eit generelt byggjeforbod for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde etter § 3 punkt 1.1. Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av bygningar etter § 3 punkt 1.2 a. Endringar av fasade på bygg i form av bordkledning og utskifting av vindauga er høve på tiltak som går ut over vanleg skjøtsel og medfører derfor søknadsplikt. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar etter verneforskrift, § 3 punkt 1.3 a.

Bruk av helikopter for transport av materialar: Etter § 3 pkt. 5.1 i verneforskrifta er motorferdsel på land og i vatn forbode i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, derunder landing med luftfartøy.

Forvaltningsstyremakta kan etter § 3 punkt 5.3 f gjøre unntak for helikoptertransport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper og liknande.

Vurdering

Ombygging av fritidseigendom: Etter innspel frå Kulturavdelinga i Fylkeskommunen bør det omsøkte bygget sjåas i heilskap med resten av bygningsmiljøet i Verpesdalen. Det finnes ingen tradisjon for villmarkspanel i området og det bør ikkje være ein type kledning som innførast i dette miljøet. Som alternativ kan det brukas liggende panel med enkelfalsett og et toms tykkelse. Etter forvaltningsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap delområde Geirangerfjorden er bygget plassert i sone for spesiell tilrettelegging og bruk kor det kan være opning for større grad av tilrettelegging og tiltak.

Bruk av helikopter for transport av materialar: Etter forvaltningsplanen skal bruk av helikopter haldast på eit lågast mogleg nivå av omsyn til naturen og folk som ferdes i den (s. 41). Motorferdsel skal etter forvaltningsplanen unngåas på søndagar og heilagdag, samt i fellesferiar og det skal gjevast skriftelig tilbakemelding til forvaltningsstyremakta når flyginga er gjennomført (s. 42).

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal takast med i vurderinga.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

For at flyginga ikkje skal kome i konflikt med hekketida hos fuglar og dyr settas det som vilkår at flyginga skal gjennomførast før april månad og/eller etter mai månad. Vegetasjonen vil normalt ikkje ta skade av helikopterlandinga. Kunnskapsgrunnlaget som er henta frå Forvaltningsplan for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, GisLink, og Naturdatabasen regnes for å være tilstrekkelig for å behandle denne saka.

§ 9 «Føre-var-prinsippet»

Det kan ikkje garanterast for at fugle- og dyrelivet i området ikkje blir negativt påverka av tiltaket. For å ta omsyn til § 9 «Føre-var-prinsippet» er det derfor ønskelig at flyginga skjer innafor tidsrommet som er oppgitt og at flyginga avgrensas til maks fem turar.

§ 10 «Økosystemstilnærming og samla belastning»

Det vurderas dit at fem turar med helikopter i landskapsvernområdet ikkje vil føre til irreversible skader på økosystem og naturmangfald i området. Det er ikkje registrert sårbare artar rundt fritidseigendomen i verpesdalen. Ein føresettt likevel at det takast tilstrekkelig omsyn til dyrelivet i området også med tanke på Ottadalsvillreinen som har registrerte beite- og leveområdar i underkant av 1 km frå fritidseigendomen i Verpesdalen.

§ 11 «Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar»

Det informeras om at søker er ansvarleg for at det ryddas opp etter byggearbeidet.

§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar»

Helikoptertransport synes å være det einaste reelle alternativet til å frakte tyngre utstyr opp på fritidseigendommen i Verpesdalen.

Forslag til vedtak

Verneområdestyret gir med dette Evy Merete Ekelund løyve til å bygge om fritidseigendom i Verpesdalen og å bruke helikopter for transport av materialar til bygningsarbeidet. Løyva er gitt i medhald av forskrift om vern for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 f og § 3 punkt 1.3 a samt føringar i forvaltningsplanen. Det er gitt løyve til ein 5 turar (tur/retur).

Vilkår

1. Løyva er knytt til Evy Merete Ekelund som er ansvarlig for at vilkåra overhaldas.

2. Helikoptertransport skal nyttas til transport av materialar til ombygging av fritidseigendom i Verpesdalen i Norddal Kommune.
3. Flyginga skal avgrensas til maks 5 turar (tur/retur) og gjennomførast før april og/eller etter mai månad i år 2015.
4. Transporten skal utføres på ein kvardag av omsyn til andre som er til stades i området slik at forstyrringa blir minst mogeleg.
5. Det skal gis tilbakemelding til verneområdeforvaltar når flyginga er gjennomført.
6. Av omsyn til resten av bygningsmiljøet i Verpesdalen skal det nyttas tradisjonelt panel framfor villmarkspanel.
7. Alt av resterende material skal ryddas vekk frå verneområde ved ferdigstilling.
8. Løyve må medbringes ved gjennomføring og vises på førespurnad.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 «Vedtak som kan påklagast, klageinstans» i Forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.